

Læreplan i vg3 hudpleiar

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 18. mars 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2022

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 hudpleiar handlar om å utvikle yrkesutøvarar som kan dekkje det behovet samfunnet har for kompetanse om hud, hudbehandling og førebygging av hudproblem. Slik kompetanse inneber å kunne bruke ulike behandlingsmetodar ved pleie av huda og å kunne bruke relevante produkt, apparat og teknologiar i yrkesutøvinga. Programfaga skal òg bidra til å utvikle yrkesutøvarar som har estetisk sans, gjer råd og rettleiing om pleie av huda, seljer og yter service, marknadsfører og står for dagleg drift av hudpleierelaterte bedrifter.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnet for opplæringa. Vg3 hudpleie skal bidra til å utvikle hudpleiarar som reflekterer og tenkjer kritisk om si eiga yrkesutøving. Programfaga skal òg bidra til å fremje likeverd og likestilling i møte mellom hudpleiarar og kundar og samarbeidspartnarar. Vidare skal programfaga vere med på å utvikle yrkesetisk forståing, god dømmekraft og evne til å vise profesjonelt fagleg skjønn ved pleie og behandling av hud og kropp.

Kjerneelement

Hud og helse

Kjerneelementet hud og helse handlar om korleis huda, neglene og håret er bygde opp og fungerer, og om ulike hudtypar og hudtilstandar. Vidare handlar det om endringane som kan oppstå i huda på grunn av livsstil og indre og ytre påverknader. Det handlar òg om hygiene og smittevern og tiltak for å oppnå god hudhelse. Kjerneelementet omfattar dessutan hudanalyse, ansiktsbehandling, depilering, massasje, farge av vippar og bryn og ulike hygienetiltak. Korleis huda verkar inn på helse og velvære, inngår òg.

Kvalitetssikring, etikk og teknologi

Kjerneelementet kvalitetssikring, etikk og teknologi handlar om å følgje yrkesetiske retningslinjer ved behandlingar og ved sal og service. Vidare handlar det om å observere, planleggje, gjennomføre og kvalitetssikre behandlinga. Det handlar òg om å føre kartotek og følgje gjeldande regelverk for personvern og teieplikt. I tillegg handlar det om helse, miljø og sikkerheit og om å førebyggje belastningsskadar hos hudpleiaren. Kjennskap til hudpleieprodukt og tekniske hjelpemiddel til bruk i kundebehandlingen inngår òg.

Hudpleiefagleg rettleiing, sal og service

Kjerneelementet hudpleiefagleg rettleiing, sal og service handlar om å kommunisere og samhandle med menneske med ulik bakgrunn, alder og livssituasjon. Vidare handlar det om å gjere kundane trygge og å kunne samarbeide med kollegaer og andre yrkesgrupper. Det handlar òg om å yte service, rettleie kundar og selje kosmetikk og hudpleieprodukt.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I vg3 hudpleiar handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om korleis fysisk og psykisk helse påverkar hud og kropp. Det inneber å ha kunnskapar om korleis kosthald og fysisk aktivitet påverkar huda og om å rettleie menneske til å gjere gode val som fremjar hudhelsa.

Demokrati og medborgarskap

I vg3 hudpleiar handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om å vise respekt for kundar og kollegaer. Det handlar om å ta vare på verdiane i vårt demokratiske samfunn som grunnlag for profesjonell yrkesutøving òg om korleis partane i arbeidslivet samarbeider for å utvikle eit betre arbeidsliv.

Berekraftig utvikling

I vg3 hudpleiar handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om korleis bruk av hudpleieprodukt påverkar miljøet. Vidare handlar det om å velje miljøvennlige materiale, produkt, metodar, emballasje og utstyr.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 hudpleiar inneber å kommunisere med og rettleie kundar. Vidare inneber det å snakke presist og eintydig, å skilje mellom bruk av omgrep i daglegtalet og fagterminologi og å tilpasse språket til samtalepartnaren. Det inneber òg å lytte til kundane og følgje opp med oppklarande spørsmål.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 hudpleiar inneber å utarbeide planar, dokumentere skriftleg og føre journal. Vidare handlar det om å korrespondere med kundar, leverandørar og samarbeidspartnarar og om skriftleg marknadsføring.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 hudpleiar inneber å forstå faglitteratur, brukarretteiingar, journalar, statistikk, lovtekstar og planar. Vidare inneber det å lese og forstå instruksar og manualar.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg3 hudpleiar inneber å bruke statistikk og tabellar, gjere prisoverslag og rekne ut pris ved kjøp og sal av hudpleieprodukt. Det inneber òg å berekne avanse på produkt og behandlingar.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 hudpleiar inneber å bruke digitale ressursar for å finne fagrelevant informasjon og å vurdere kjelder kritisk og å bruke digital dømmekraft. Vidare inneber det å bruke digitale ressursar ved journalføring, ved kommunikasjon med kundar og ved kjøp og sal.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering helsefremjande arbeid

Kompetansemål etter helsefremjande arbeid

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- gjere greie for livsløpet til huda og forklare korleis indre og ytre miljø påverkar huda
- vurdere og gjennomføre passende tiltak for å førebyggje og betre hudendringar
- gjere greie for oppbygginga og funksjonen til neglene og behandle ulike nagletilstandar
- reflektere over samanhengen mellom hudhelse og ernæring og fysisk aktivitet
- forklare korleis hormonsystemet, fordøyingsystemet, immunsystemet og musklane verkar inn på hudhelsa
- gjere greie for samansetjinga av hudforbetrande og kosmetiske produkt og reflektere over kosmetiske produkt i eit miljøperspektiv
- gjere greie for og vurdere verknadene ulike produkt har i og på huda
- vurdere og dokumentere kontraindikasjonar ved behandling av hud
- utføre førstehjelp etter gjeldande retningslinjer
- gjennomføre tiltak som førebyggjer hudlidingar

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i helsefremjande arbeid når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i helsefremjande arbeid. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i helsefremjande arbeid ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i helsefremjande arbeid basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Kompetansemål og vurdering kommunikasjon og samhandling

Kompetansemål etter kommunikasjon og samhandling

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- reflektere over og gjennomføre profesjonell kundebehandling
- rettleie om val og bruk av hudpleieprodukt
- presentere resultat av hudanalysar og foreslå tiltak i samråd med kunden
- skape tryggleik og tillit i møte med kundar og reflektere over verdien av langsiktige kundeforhold
- bruke passande strategiar for konflikthandtering og vurdere konfliktreducerande tiltak
- bruke digitale ressursar i kommunikasjon og samhandling og vise digital dømmekraft
- bruke etisk dømmekraft i yrkesutøvinga og drøfte bruken av reklame
- vurdere og anvende passande metodar for sal av varer og tenester

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i kommunikasjon og samhandling når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane utviklinga deira i kommunikasjon og samhandling. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunktarakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i kommunikasjon og samhandling ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i kommunikasjon og samhandling basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Kompetansemål og vurdering yrkesliv i hudpleiefaget

Kompetansemål etter yrkesliv i hudpleiefaget

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- planleggje og gjennomføre konsultasjonar med kundar og utarbeide behandlings- og oppfølgingsplanar
- gjere prisoverslag og rekne ut pris ved kjøp og sal av hudpleieprodukt og berekne avanse på produkt og behandlingar
- vurdere passande hårfjerningsmetodar og drøfte ulike sider ved bruken av dei
- planleggje, gjennomføre og vurdere spesialiserte ansiktsbehandlingar
- bruke korrigeringsteknikkar og kamuflere endringar i huda, og vurdere resultatet
- gjennomføre velvære-, spa- og kroppsbehandlingar og reflektere over forbettringspotensialet
- bruke ulike teknikkar for og typar av massasje for ansikt og kropp og tilpasse behandlinga til kunden

- planleggje, gjennomføre og vurdere manikyr- og pedikyrbehandlingar
- gi råd om behandling av uønskt hårvekst og bruke ulike arbeidsmetodar og apparat for slik behandling
- utforske og drøfte estetikk og trendar i hudpleiefaget
- vurdere ny teknologi, nye produkt og behandlingsmetodar
- setje i verk tiltak som sørgjer for hygiene og hindrar smitte
- bruke fagterminologi og tilpasse språket til samtalepartnaren
- planleggje, gjennomføre og vurdere marknadsføring og forretningsdrift
- reflektere over ressursbruken i yrkesutøvinga og gjere miljøbevisste val
- arbeide i tråd med yrkesetiske retningslinjer og opptre profesjonelt som hudpleiar
- utføre arbeidet i tråd med ergonomiske prinsipp og regelverk for helse, miljø og sikkerheit
- følgje opp eigne rettar og plikter i arbeidsforholdet, og gjere greie for korleis partane i arbeidslivet utfører samfunnsrolla si i den norske modellen

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i yrkesliv i hudpleiefaget når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i yrkesliv i hudpleiefaget. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i yrkesliv i hudpleiefaget ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i yrkesliv i hudpleiefaget basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Vurderingsordning

Standpunktvurdering

Helsefremjande arbeid: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Kommunikasjon og samhandling: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Yrkesliv i hudpleiefaget: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Eksamen for elevar

Helsefremjande arbeid, kommunikasjon og samhandling og yrkesliv i hudpleiefaget: Eleven skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen der dei felles programfaga inngår. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingssdel.

Eksamen for privatistar

Helsefremjande arbeid: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Kommunikasjon og samhandling: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Yrkesliv i hudpleiefaget: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Helsefremjande arbeid, kommunikasjon og samhandling og yrkesliv i hudpleiefaget: Privatisten skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen i desse felles programfaga. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.